

# Erklæring frå brudefolka før prøving av ekteskapsvilkåra

Send skjemaet til skattekontoret

Etternamn		Fornamn og mellomnamn
Fødd (dato og år)	Personnr. (5 siffer)	Fødestad/-land
Statsborgarskap *)	Telefon	*) Dersom du er utanlandsk statsborgar, må du leggje fram dokumentasjon som viser at du har lovleg opphald i Noreg. Sjå punkt nr. 2 G på side 2.
Postadresse for mottak av prøvingsattesten dersom du ikkje er registrert i Folkeregisteret		

<b>Tidspunkt og stad for vigselen</b>	
Når og kvar er det tanken å inngå ekteskapet?	Prøvinga er gyldig i 4 månader.

<b>Før ekteskap kan inngåast, skal brudefolka kvar for seg svare skriftleg på desse spørsmåla</b>	
1a. Kven skal du gifte deg med?	*) § 3 første leddet: «Ekteskap kan ikke inngås mellom slektninger i rett opp- eller nedstigende linje eller mellom søsken» Sjå side 2 for heile § 3.
1b. Er du så nær i slekt med den du skal gifte deg med, som nemnt i ekteskapslova § 3? *) <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	

<b>Tidlegare ekteskap og barn</b>		
2a. Har du vore gift/registrert som partnar før? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	2b. Kor mange gonger?	2c. Korleis vart i så fall siste ekteskap/registrerte partnerskap oppløyst? <input type="checkbox"/> ved skilsmisse <input type="checkbox"/> ved oppløysing (§24) <input type="checkbox"/> ved død
2d. Namnet til den siste ektemaken/partnaren	Viss du svarer ja på spørsmål 2 og/eller 3, må den du skal gifte deg med, skrive under her som bevis på at ho/han er kjend med dette.	
2e. Sitter du i uskifta bu etter tidlegare sambuar eller arvelova § 28c? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Dersom du svarer ja, sjå punkt E) i Rettleiinga	
3a. Har du barn med andre enn den du skal gifte deg med, eller har du adoptivbarn? (Opplysningsplikta gjeld ikkje barn som er adoptert bort) <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	3b. Kor mange?	
3c. Ventar du barn med ein annan enn den du skal gifte deg med? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Underskrift

<b>Sjukdommar</b>	
4a. Har du smittefarleg sjukdom som kan overførast ved seksuell omgang? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Dersom du svarer ja på spørsmål 4, må den du skal gifte deg med skrive under på at han/ho er kjend med dette og har fått munnleg rettleiing av ein lege om farane ved sjukdommen.
4b. Har du i tilfelle fått munnleg rettleiing av en lege om farane ved sjukdommen? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
	Underskrift

<b>Erklæring og underskrift</b>	
Eg sannar på ære og samvit at svara er rette. Eg sannar òg på ære og samvit at eg inngår ekteskap frivillig og vil respektere dei like rettar menn og kvinner har etter norsk lov. (Sjå punkt 2 H på side 2.) Eg er kjend med at falsk forklaring blir straffa med fengsel i inntil 2 år og at bigami blir straffa med fengsel i inntil 1 år.	
_____	_____
Stad og dato	Underskrift (fullt namn)
Ønsker du at prøvingsattest skal sendast til vigslaren? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Fyll i så fall inn namn og adresse til vigselsmyndigheita attesten skal sendast til:	

# Rettleiing for brudefolka om prøving av ekteskapsvilkåra o.a.

## 1. Prøving av ekteskapsvilkår

Før ekteskapet kan inngåast, skal det skje ei prøving for å finne ut om ekteskapsvilkåra er oppfylte etter ekteskapslova. Prøvinga skal gjerast av folkeregistermyndigheita (skattekontoret). Sjå [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) for oversikt over skattekontora. Utan prøving er ekteskapet ikkje gyldig. <sup>1</sup>

## 2. Dokumentasjon

Til bruk for prøvinga skal brudefolka leggje fram desse opplysningane og dokumenta:

- A) **Eigenerklæring** <sup>2</sup> frå begge brudefolka (framsida av dette skjemaet, Q-0150).
- B) **Opplysningar om namn og alder:** Er brudefolka busatt i Noreg, kontrollerer folkeregistermyndigheita sjølv at opplysningane om namn og alder som brudefolka har gitt i eigenerklæringa, er rette. I andre tilfelle må som regel «anna tilfredsstillande bevis for namn og alder» leggjast fram, til dømes pass, bankkort eller norsk eller utanlandsk fødselsattest. Personar som ikkje er busette i Noreg må leggje fram kopi av pass eller gyldig reisedokument.
- C) **Erklæring frå ein forlovar** for kvar av brudefolka, på skjema Q-0151. Forlovarane må ha fylt 18 år.
- D) **Tidlegare ekteskap:** Dersom noen av brudefolka har vore gifte tidlegare, må det leggjast fram bevis for at det ekteskapet er opphøyr ved død, skilsmisse eller oppløysing (§ 24). Dette gjeld ikkje dersom skilsmissa eller dødsfallet er registrert hos folkeregistermyndigheita. Utanlandsk skilsmisseløyving eller dom må først godkjennast av fylkesmannen. Løyving eller dom frå eit anna nordisk land treng som regel ikkje godkjenning, når begge er borgarar frå eit nordisk land. Tilsvarande gjeld for den som tidlegare har inngått registrert partnerskap.
- E) **Opplysningar om skifte:** Den som tidlegare har vore gift og levde i formuesfellesskap då ekteskapet opphøyrde, må ha *erklæring* frå den tidlegare ektefellen, arvingane eller skifteretten, om at skifte er gjort eller innleidd. Dersom den som skal gifte seg sitter i uskifta bu etter ein tidlegare sambuar må det innhentast erklæring frå arvingen/ arvingane etter tidlegare sambuar. I erklæringa må det bekreftast at buet er skifta eller skifte er innleidd eller at arvingen/arvingane samtykker i at han/ho beheld buet uskifta. Erklæringa om skifte frå den tidlegare ektefellen eller arvingane kan skrivast på eige skjema, Q-0160. Slik erklæring trengst ikkje dersom det på annan måte blir legitimert at skifte er gjort eller innleidd. Har det gått meir enn 2 år sidan ekteskapet vart oppløyst og det opphøyrde på annan måte enn ved død, er det nok at vedkommande opplyser at det er skifta med den tidlegare ektefellen. Tilsvarande gjeld for den som tidlegare har inngått registrert partnerskap.
- F) **Ekteskapsattest eller liknande dokumentasjon for utanlandsk statsborgar:** For utanlandsk statsborgar som ikkje er fast busett her i landet, skal det til vanleg liggje føre attest frå offentleg styresmakt i heimlandet om at det ikkje er noko til hinder for at ho eller han inngår ekteskap i Noreg. Attesten må vanlegvis ha eit «apostille»-stempel eller vere legalisert av utanriksdepartementet i staten som har skrivne ut attesten.
- G) **Lovleg opphald:** Ein utanlandsk statsborgar som skal inngå ekteskap i Noreg, må leggje fram dokumentasjon som viser at ho eller han har lovleg opphald i riket. Alle utlendingar som har gyldig arbeidsløyve, opphaldsløyve eller busetjingsløyve, har lovleg opphald i Noreg. I tillegg finst det andre lovlege opphaldsgrunnlag.
- H) **Frivillig:** Det følgjer av ekteskapslova at ekteskap skal inngåast av eigen fri vilje. Eit ekteskap som ikkje er inngått frivillig, kan kjennast ugyldig (ekteskapslova § 16). Det å tvinge nokon til å inngå ekteskap kan straffast med fengsel i inntil 6 år (straffelova § 253). Det følgjer vidare av ekteskapslova at kvar av ektefellane har lik rett til skilsmisse.

## 3. Prøvingstest

Når prøvingsinstansen (sjå pkt. 1) finn ut at brudefolka oppfyller ekteskapsvilkåra, skal kvar av brudefolka få ein attest som viser at det ikkje er noko til hinder for at det blir inngått ekteskap. Prøvingstesten skal som regel sendast til partane si bustadadresse, eller kan leverast ut personleg mot å vise legitimasjon. Vigslar må ha prøvingstesten før vigsel.

Attesten er gyldig i fire månader etter han er utskreven. Er attesten eldre enn fire månader, skal det gjerast ny prøving.

## 4. Vigselattest

Folkeregistermyndigheita (skattekontoret) vil skrive ut vigselattest når dei har fått melding om vigselen. Brudefolka kan få ein mellombels vigselattest av vigselaren.

## 5. Namn

Dersom brudefolka ønskjer å endre namn i samband med vigselen, må skjema «Melding om endring av namn» (GA-7700) sendast til folkeregistermyndigheita (skattekontoret). Sjå [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) for oversikt over skattekontora. Skjemaet kan ein få hos prøvingsstyresmakta eller hos vigselaren eller det kan lastast ned frå Statleg blankettarkiv på <http://blanketter.dss.dep.no>.

Brudefolka kan levere eller sende inn skjemaet saman med eigenerklæringane o.a. Brudefolka får då utskrive vigselattest påskrive nytt namn etter vigselen. Norske borgarar busette i utlandet må som hovudregel søkje styresmaktene i bustadlandet om endring av namn.

## 6. Informasjon

Meir informasjon om å inngå ekteskap finst på [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

- 
1. For personar som oppheld seg i Noreg utan å vere registrerte som busette, skal prøvinga gjerast av folkeregistermyndigheita på opphaldsstaden. For brudefolk som er busett i utlandet, skal prøvinga som hovudregel gjerast av folkeregistermyndigheita på den siste registrerte bustaden til ein av partane i Noreg. For norske borgarar som har fått tildelt fødselsnummer (til dømes i samband med passutskrivning), og som aldri har vore registrerte som busette i Noreg, skal prøvinga gjerast av Skatt nord - Hammerfest, Personregisteret, 9613 Hammerfest. Kontoret gjer også prøving for personar som aldri har vore registrert hos folkeregistermyndigheita og som er fast busette i utlandet utanfor embetsdistriktet til den norske utanriksstasjonen. Norske utanriksstasjonar gjer berre prøving for norske statsborgarar som aldri har vore registrerte i Det sentrale folkeregister (som ikkje har fått fødselsnummer) og som er fast busette i embetsdistriktet til stasjonen.
  2. Ekteskapsloven § 3 lyder: «Ekteskap kan ikke inngås mellom slektninger i rett opp- eller nedstigende linje eller mellom søsken.

I forhold til adoptivbarn gjelder forbudet overfor både den opprinnelige slekt og adoptivforeldrene og deres slekt. Er adoptivbarnet blitt adoptert på ny, kan fylkesmannen likevel samtykke i ekteskap mellom adoptivbarnet og en av de opprinnelige adoptivforeldrene eller dennes slektning.»